



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
4/2025	Formannskapet	11.02.2025

## Mindre endring - detaljreguleringsplan for Gjendeosen-Reinsvangen - Sluttbehandling og godkjenning

### Vedlegg

- 1 Føresegner 2024-12-13\_sluttbehandling (endringar er vist med gult)
- 2 Plankart\_R01-F2\_sluttbehandling
- 3 Planomtale 2024-12-13\_sluttbehandling

### Saksframlegg:

Forslag til mindre endring av detaljreguleringsplan for Gjendeosen – Reinsvangen har vore på høyring i perioden 15.11 – 10.12 2024. Forslaget til planendring er utarbeidd av konsulentfirmaet Structor Lillehammer AS og fremma på vegne av Statens vegvesen Nasjonale Turistvegar. Oppstart av mindre planendring vart varsla 29.05.2024. Det har vore dialog mellom forslagsstillar og Vågå kommune i forkant av igangsett prosess og undervegs i planarbeidet.

Hovudføremålet med planendring er innarbeiding av påkravde sikringssoner for ny drikkevasskjelde for det nye servicebygget på Gjendeosen. I tillegg er regulert trafikkareal aust for det nye servicebygget redusert i samsvar med dagens opparbeiding. Plankartet er oppdatert ut frå dagens situasjon ved at ein eksisterande turstig er vist. Planprosessen legg ikkje opp til å opne for andre endringar i reguleringsplanen.

Det har kome 4 uttaler i høyringa. Alle uttalene er siterte i dette saksframlegget.

Motteke planendringsforslag omfattar følgjande dokument (vedlagt):

1. Plankart
2. Føresegner
3. Planomtale

Endringane i føresegnene er markert med gul farge.

Planomtalen gjer greie for endringane. Konsekvensar av justeringar som er føreslege er vurdert og går fram av planomtalen. Planomtalen omfattar ROS-vurderingar.

Etter Vågå kommune sitt delegeringsreglement kan formannskapet vedta og godkjenne mindre reguleringsendringar. Ved mindre endring er det ikkje krav om kunngjering av endeleg vedtak, men

kommunen skal sende melding om planvedtak til styresmakter som har hatt merknader, og eigarar/festarar av eigedommar som er direkte råka av vedtaket.

### *Omtale av planendringane*

Planendringa omfattar:


- Innarbeiding av restriksjonssoner for den nye drikkevasskjelda for servicebygget på Gjendeosen
- Fjerning av tidlegare avsett areal for VA ved Gjendesheim som det nå ikkje lenger er behov for.
- Reduksjon av regulert trafikkareal framfor nytt servicebygg på Gjendeosen.
- Innlegging av eksisterande stig mot Besseggen innlagt i plankartet.

I gjeldande reguleringsplan var det lagt til grunn at vassforsyninga til det nye servicebygget på Gjendeosen skulle løysast ved tilkopling til nytt anlegg ved Gjendesheim. Da dette vart vanskeleg å gjennomføre, fann Statens vegvesen Nasjonale Turistvegar andre løysingar, og ny borebrønn vart etablert nordvest for det nye servicebygget. Den nye drikkevasskjelda er plangodkjend av Mattilsynet.

Med etablering av ny drikkevasskjelde følgjer klausuleringssoner for styring av arealbruk som kan påverke vasskjelda og sikring av denne. Det var krav om ivaretaking av klausuleringssoner for den nye drikkevasskjelda som utløyste behov for ei mindre planendring. Klausuleringssonene ernå innarbeidd i reguleringsplanen som omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Tidlegare avsett areal for VA-anlegg innafor Gjendesheim sitt område er teke ut av reguleringsplanen sidan vassforsyning til servicebygget nå er løyst ved ny borebrønn.

Nedanfor er det vist eit utsnitt av Gjendeosen-området i framlagt forslag til reguleringsplan og tilsvarende utsnitt av gjeldande reguleringsplan. Som det går fram av utsnittet av framlagt planforslag er ein eksisterande turstig mot Besseggen teke inn i plankartet. Dette er inga reell endring i praksis, men berre ein formalisering av dagens situasjon.



Figur 1: Utsnitt av framlagt planforslag og gjeldande reguleringsplan.

## *Innkomne uttaler*

### Mattilsynet:

*"Vi viser til høring av mindre endring av detaljregulering for Gjendeosen-Reinsvangen, datert 15.11.2024. Som høringsinstans i planarbeid har Mattilsynet i oppgave å bidra til at planene ivaretar nasjonale og regionale interesser innenfor områdene drikkevann, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd. Formålet med endringen av reguleringsplanen er å etablere sikringssoner for drikkevannskilden til Gjendeosen. Vi har tidligere gitt uttalelse til varsel om planendring, datert 12.06.2024. Våre innspill er tatt til følge, vi har derfor ingen flere merknader til planarbeidet. Vi ber om å bli orientert i den videre planprosessen."*

Kommunedirektøren sin kommentar: Uttalen blir teken til orientering.

### NVE:

*"Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 15.11.2024.*

#### *Om NVE*

*Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.*

#### *NVE si generelle tilbakemelding*

*Som planmyndede har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein Kartbasert rettleiar for reguleringsplan som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder iarealplanlegging.*

*De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finnde koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyserar.*

#### *Meld inn farekartlegging*

*NVE ynskjer tilgang til alle flaum- og skredfareutgreiingar, både rapportar og eventuelle kartlagde faresoner. Informasjonen som NVE får inn, vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kommunen kan bidra til dette ved å melde inn sjølv, eller oppfordre forslagsstillar til å melde inn naturfareutgreiingar til NVE via Altinn. Vi oppfordrar også til å melde inn grunnundersøkingar til NADAG. Det er meir informasjon om innmeldingsløyseringa her: Innmelding av farekartlegging - NVE.*

#### *Kommunen sitt ansvar*

*NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka. De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka."*

Kommunedirektøren sin kommentar: Uttalen blir teken til orientering.

Innlandet fylkeskommune:

"(...) Fylkeskommunen sine innspel

*Plan*

*Ut frå sakas art og omfang, har ikkje fylkeskommunen vesentlege planfaglege merknader til den aktuelle planendringa.*

*Kulturarv*

*Reguleringsendringa vil etter det vi kjenner til ikkje få nokon betydning for automatisk freda kulturminne. Vi vise vidare til varslingsplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd.*

*Innanfor planområdet er det fleire SEFRAK-registrerte bygningar. Allereie er det føresegn knytt til desse, gjennom omsynssone H570\_1, som gjeld bevaring av kulturmiljøet. Det er viktig at vidare arbeid visar omsyn til dette med bakgrunn i dei store kulturhistoriske verdiane knytt til bygningane kring Jo-Gjende bue. Fylkeskommunen vil poengtere viktigheita av at kulturmiljøet blir ivarettatt gjennom vidare føresegn i reguleringsplanen.*

*Samferdsel*

*Som vegeigar og forvaltar av fylkesvegane i Innlandet, uttaler vi oss til alle forhold som rører ved fylkesvegane konkret.*

*Vi merkar oss positivt at det er tatt inn i føresegnene pkt. 4.1. at alle tiltak som rører ved fylkesveg skal ha utforming i samsvar med vegnormalen; Statens vegvesens handbok N100 «Veg- og gateutforming» og at byggeplan skal godkjennast av samferdselsavdelinga i Innlandet fylkeskommune før det kan givast igangsetjingsløyve.*

*Vi skreiv i høyringsfråsegna vår (datert 19.06.2024) til oppstart av mindre reguleringsendring av denne reguleringsplanen at vi føreset at rundkøyring/snuplass ved Gjendeosen i revidert planforslag er tilrettelagd for større turistbussar (15 meter lange), lastebilar og brøytebilar og at trafikkarealet er tilrettelagt slik at desse kjem fram sjølv om det blir planlagt med redusert trafikkareal. Det blir opplyst i vedlagd planskildring at dette er varetatt i planforslaget."*

Kommunedirektøren sin kommentar: Uttalen blir teken til orientering.

Statsforvaltaren i Innlandet:

*"Vi syner til oversending dagsett 15.11.2024 hvor forslag til mindre endring av detaljreguleringsplan for Gjendeosen - Reinsvangen er sendt på høyring. Planendringane gjeld ein ny grunnvassbrønn som er etablert i området, med tilhøyrande sikringssoner, og reduksjon i trafikkareal ved det nye servicebygget. Det går fram av planomtalen at risiko- og sårbarheitsanalysen som vart laga i samband med planarbeidet i 2020 er gjennomgått. Det blir mellom anna opplyst at ny grunnvassbrønn blir utforma med omsyn til dimensjonerande flaum i vassdraget. Området for lokalisering av ny grunnvassbrønn er omfatta av omsynssone flaumfare i planen. Vi legg til grunn at krava til bygging i området blir vareteken slik det er slått fast i planføresegn 8.4 Faresone flaum (H320) i den vedtekne planen. Vi viser i denne samanhang til § 7-2 i byggteknisk forskrift (TEK 17) med rettleiing frå Direktoratet for byggkvalitet når det gjeld tryggingssklassar for byggverk i flaumutsett område. I analysen opplystast det og at reduksjon av trafikk- og byggjeareal ikkje påverkar nokon av hendingane som vart vurderte i analysen. Vi syner ellers til vår uttale datert 03.06.2024, og har ingen ytterlegare merknader."*

Kommunedirektøren sin kommentar: Uttalen blir teken til orientering.

**Vurdering:**

Hovudføremålet med planendringa er innarbeiding av sikringssoner for drikkevasskjelda for det nye servicebygget på Gjendeosen. Vidare er regulert trafikkareal aust for det nye servicebygget justert i samsvar med dagens opparbeiding, og ein eksisterande stig frå Gjendeosen og nordover er vist i plankartet.

Planendringa omfattar eit avgrensa område på Gjendeosen og er vurdert å falle inn under pbl §12-14 da det dreier seg om endringar som verken vil påverke gjennomføringa av planen eller gå utover hovuddrammene i planen, og som heller ikkje vil råke viktige natur- og friluftsområde.

Endringsforslaget har ved høyring vore forelagt aktuelle styresmakter, eigarar/festarar av eigedommar som er råka av planendringa, samt ev. andre råka partar, slik at desse hatt høve til å uttale seg.

Det kom til saman 4 uttaler til høyringa, og det kom ikkje fram vesentlege merknader til planforslaget som utløyser behov for endringar i framlagt plan. Kommunedirektøren har teke innkomne uttaler til orientering.

Kommunedirektøren meiner planforslaget er tilstrekkeleg utgreidd og kan leggest fram for sluttbehandling og godkjenning.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-14 blir framlagt forslag til mindre endring av detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen godkjent.

**Formannskapet si behandling av sak 4/2025 i møte den 11.02.2025:****Behandling**

Samrøystes

**Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-14 blir framlagt forslag til mindre endring av detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen godkjent.

